


VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



# Årsmelding 2016



<b>Innhold</b>	<b>side</b>
Fjellstyre .....	3
Medlemmer .....	3
Aktivitet .....	3
Fjelloppsyn .....	3
Tilsette .....	3
Aktivitet .....	3
Refusjon .....	3
Samarbeid – oppdrag .....	4
Arealet .....	4
Stølsbruk .....	4
Stølar, beite og tilleggsjord .....	4
Stølsforskrift og fjellov .....	5
Tomtefeste .....	6
Hyttefester .....	6
Bustadfester .....	6
Næringsfester m.m. ....	6
Festeinntekter .....	6
Fiske .....	7
Sal av fiskekort .....	7
Stamfiske/fiskeutsetting .....	7
Registreringar .....	7
Småviltjakt .....	10
Forvaltning .....	10
Jaktkortsalg småvilt .....	11
Smårovilt .....	14
Elgjakt .....	15
Administrasjon .....	15
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen .....	15
Driftsplanarbeidet .....	16
ValHal .....	17
Elgtrekk .....	17
Hjortejakt .....	17
Rådyrjakt .....	17
Jaktprøver .....	17
Informasjon - tiltak for friluftsliv .....	17
Informasjon .....	17
Inatur .....	18
Tilrettelegging for friluftslivet .....	18
Turkart .....	18
Rekruttering til friluftsliv .....	19
Motorisert ferdsel i utmark .....	19
Tilskot .....	20
Tilskot frå fjellstyret .....	20
Grunneigarfondet .....	20
Økonomi .....	20
Generelt .....	20
Resultat .....	20
Eigenkapital .....	21
Vedlegg .....	23
Resultatrekneskap .....	23
Balanse .....	26
Revisjonsmelding .....	28

# Årsmelding 2016

## Fjellstyre

### Medlemmer

Etter kommunestyrevalet har det vorte valt nytt fjellstyre i november. Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar           Lars Kvissel  
Nestleiar      Embrik Før  
Styremedlem  Ragnhild Strømmen Strand (fram til november)  
Styremedlem  Ingebjørg Moe (frå november)  
Styremedlem  Åshild Reien  
Styremedlem  Birger Haugen


### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 5 styremøte, behandla 36 saker og vore på 1 synfaring. I tillegg deltok representantar på årsmøte for Fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for hjortevilt.

Fjellstyreleiaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og synfaringar.



## Fjellopsyn



### Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:  
Fjellopsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling  
Fjellopsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling (permisjon i delar av året)  
Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.

### Aktivitet

Fjellopsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjellopsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjellopsynet har kontor plass på kommunehuset i Slidre.



### Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Fjellstyret fekk kr 319.674 (2015: 316.252) i refusjon frå staten. Dette blir omtrent 30 % refusjon ut frå faktisk utført arbeid.


## Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har hatt følgjande oppdrag:

- Driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune, sekretærarbeid
- Ulnes sameige, Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark
- Felleskortet ”Fisking i Valdres”, sekretærarbeid
- Prosjekt for vannområdene Hallingdal og Valdres, innsamling av vassprøver

Inntektene ved utleige av tenester er kr 66.782 (2015: 89.002). Samla inntekt for utleige varierer frå år til år og 2016 er eit normalår.

## Arealet



- Totalareal: 200.000 daa
- +1000 moh: 65.000 daa
- - 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Grense Vang/Grunke 1645 m
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane: Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord. Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca. 600 hytter
- 2 felt for bustadar, 10 stk bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
- Stølsvegar i allmenning ca 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rastplassar, informasjonstavler o.l.

## Stølsbruk

### Stølar, beite og tilleggsjord


Samla er det 292 stølar, inkl. 1 fellesstøl. Det er i tillegg 3 stølar som har falt i det fri som det avgiftsfritt feste på. Det 81 avtaler for kulturbeite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca.10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive statsallmenning for stølsdrift i landet.

På Vaset er det eit tidlegare stølsjorde på ca. 30 daa som er regulert til bustadformål. Arealet er ikkje teke i bruk til dette formålet og det er uklart om dette vil bestå som bustadfelt etter revidering av kommuneplan. Fjellstyret har vist ut stølsjordet som midlertidig beite til Snorheim 87/12.

På Jaslangen vart det vist 10 daa tilleggsjord til Granli 31/38 etter stølsbrukaren til Grefsrud 75/13 sa frå seg retten til delar av sitt stølsjorde.

I samband med at stølsbrukaren til Grefsrud 75/13 ynskte å legge tilleggsjord F776 var det vurdert om støl S738 var falt idet fri. Stølen har ikkje vore i bruk frå garden høyrer til for ei periode lengre enn 20 år. Etter fjellova fell då stølen i det fri. Stølshusa er selt og vart oppretta feste på sel og skåle i 1961. Stølsjordet og tilleggsjorda vil bli lyst ledig for andre bruksberettiga med behov for areal i løpet av 2017.

Talet på stølar med gardsbruk som driv mjølkeproduksjon i kommunen går sterkt nedover, jf. tabell under for kommunen samla. Dei aller fleste stølane i kommunen ligg i allmenningen.



Av dei som driv mjølkeproduksjon er ca. 72 % på stølen. Dei fleste stølane i allmenningen som ikkje har mjølkeproduksjon er likevel i brukt til beite og fôrproduksjon.

Besetningar med husdyr: 87 stk.

Sauer på utmarksbeite: 2985 stk.

Hest/storfe på utmarksbeite: 720 stk.



### Stølsforskrift og fjellov

Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen.

Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem stølsbruk.

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Fjellstyret har pålegg om å føre tilsyn om stølane er i bruk. I følgje stølsforskrift (2009) skal dette gjerast kvart 10. år. Tidlegare har dette vorte teke opp når det har vore konkrete saker knytt til bygging, gjerde eller liknande. Fjellstyret må etter pålegg i forskrift ha gjort slik gjennomgang innan 2019.

Regjeringa har oppnemnd eit lovutval som skal gå gjennom statsallmenningenslovverket; fjelloven og statsallmenningensloven. Utvalet skal vurdere korleis ein kan få eit meir moderne lovverk og ei enklare forvaltning av statsallmenningane. Arbeidet er basert på tre overordna mål: *1. Styrking av lokaldemokratiet, 2. Forenkling og mindre byråkrati i forvaltninga 3. Tilrettelegging for meir verdiskaping basert på naturressursar.* Utvalet skal innan ein frist på to år levere ein utredning i form av ein NOU. Utvalarbeidet er godt i gang og fjellstyra er representert i utvalet med dagleg leiar i Norges fjellstyresamband.



## Tomtefeste

### Hyttefester

Samla er det 595 stk. fritidsfester og 94 naustfester. Halvparten av hyttefesta ligg i hyttefelt (Vaset, Rislie, Fauskehaugen og Kvitehaugen) og halvparten er gamle hyttefester som ligg spreidd på stølslaga.

### Bustadfester

Samla er det 13 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett to område til bustadbygging på Vaset i kommunedelplan, men det eine området er ikkje teke i bruk.

### Næringsfester m.m.

I statsallmenningen er det 37 stk. avtaler for reiseliv- og andre næringsbedrifter, 1 avtale for skole, 13 avtaler for idretts- og friluftsanlegg, 9 avtaler for renovasjon/kraft- og telenett, 12 avtaler for masseuttak og 19 diverse avtaler.

### Festeinntekter

Feste- og leigeinntekter i statsallmenningen er samla på ca. 2.050.000. Fjellstyret får 50% av festeavgiftene på hytter/hotell og det gav fjellstyret ei inntekt på kr 918.845 (2015: 875.848).

Statskog gjorde i 2010 vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad skal regulerast etter konsumprisindeks og at det skal gjelde all regulering som har skjedd mellom 2004-2010. Dette skal skje sjølv om det er lovgrunnlag for å regulere etter marknadsverdi. Som følge av dette gjekk festeinntektene for fjellstyret ned med ca. 30 %.

## Fiske


### Sal av fiskekort

Det vart selt 1254 stk. (2015: 1182) fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 283.922 (2015: 238.992). I denne summen er kr 10.000 i utbetaling frå felleskortet Fisking i Valdres. Til diverse fiskekulturarbeid og stamfiske har fjellstyret brukt kr 100.893 (2015: 113.919), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Fiskekort blir selt via SMS på mobiltelefon (43 %), på internett via [www.inatur.no](http://www.inatur.no) (ca.17 %), og på butikkar o.l. (39 %). Med auka bruk av smarttelefonar har salg på internett har auka frå 2% til 17% dei siste tre åra.

Sal av kort fordelt på korttype:

Innanbygds								Utanbygds									
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort					Familiekort				
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	oter	1-d	3-d	veke	år	oter
11	2	2	59		2		11	484	213	51	198	30	71	29	13	77	1
74				13				976					191				
87								1167									
1254																	



### Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale til regulant, er det behov for meir rogn. Fjellstyret leverte 10,4 liter rogn (54.000 rognkorn) til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske til saman i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svultjern (500 stk), Grønsenn (800 stk), Nestisvatn (700 stk), Skardtjern (200 stk), Langebergjern (100 stk), Kringletjern (100 stk) og Bjødnhøvdjern (100 stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.



### Registreringar

Mange fiskarar er flinke til å sende inn statistikk etter at fisket er avslutta om hausten. Dette materialet gjev oss nyttig grunnkunnskap om tilstanden i vatna. Ein får på dette viset meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskerapportar for dei fleste vatn. Vi samlar også inn skjellprøver og desse vert analysert kvart tredje til femte år. Skjell er den mest brukte strukturen for avlesing av alder. Dei er enkle å samle inn, og årssonene kan identifiserast på raskt veksande fisk. Skjell kan også fortelje om overgangar til meir næringsrikt bytte, for eksempel frå bunndyr til fisk.

Samlestatistikk garn og oterfiske i Vestre Slidre statsallmenning 2016 (innanbygds):											
Garn							Oter				
Vatn	Maskev.	Antall			Fisk pr.	Snitt	Antall			Fisk pr	Snitt
	mm	garn	fisk	kg	garnnatt	fisk,kg	timar	fisk	kg	time	fisk,kg
S.Syndin	35	60	63	26,5	1,05	0,42	2	4	1,4	2,00	0,35
M.Syndin	35	139	123	69,7	0,88	0,56	88	96	54,00	1,00	0,56
Storfjorden	35	393	296	137,20	0,75	0,46	29	65	23,10	2,24	0,35
Rensenn	35	130	130	43,10	1	0,33	1	0			
Mosvatn	35	218	118	24,00	0,54	0,46	23	21	9,50	0,90	0,45
Grønsenn	35	39	33	15,60	0,84	0,47	13	22	8,80	1,70	0,40
Matkista	35										
Nestisvatn	35						3	5	1,8	1,60	0,36
Sum		979	763	346,1			159	213	98,6		

Det er rapportar frå 25 innanbygds fiskarar som utgjer tala i denne tabellen.


Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:



Takk til alle som har sendt inn rapportar og ta gjerne kontakt om det er fleire som ynskjer å samle inn skjellprøver!

## Statusoversikt for fiskevatna

	Vatn 2016	Antal utsett aure	Status for auren	Aktuelle tiltak framover
1	Rensenn	0	Middels vekst, litt mager, overbefolka.	Auke uttaket av fisk.
2	Grønsenn	1-årig, 800 stk	Særs god vekst og fin aure.	Fylgje opp gytebekkar.
3	Nestisvatn	1-årig, 700 stk	Særs god vekst.	Få inn fleire skjellprøver.
4	Midtre Syndin	2-årig, 500stk	Særs god og uthaldande vekst. Ein del stor aure.	Fylgje opp gytebekkar, skjellprøver.
5	Sørre Syndin	2-årig, 500stk	God og uthaldande vekst. Ein del stor aure.	Fylgje opp rekrutteringa.
6	Storfjorden	2-årig, 10 000stk	God vekst og god naturleg rekruttering.	Registrere merka aure i fangstane.
7	Mosvatn	0	God vekst.	Få inn fleire skjellprøver.
8	Matkista, Halvorstølstjern	0	Middels vekst. Mindre abbor dei siste åra.	Få inn fleire skjellprøver.
9	Strøstjern	0	Tett abborbestand gjev auren middels vekst.	Fiske hardt på abbor, skjellprøver.
10	Svult	1-årig, 500stk	God vekst og god bestand.	Tiltak gytebekkar.
11	Skardtjern	1-årig, 200stk	Bestanden på veg opp.	Ørekytefangst, gytebekkar.
12	Skruvletjern	0	Middels god vekst, god bestand.	Få inn fleire skjellprøver.
13	Kringeltjern	1-årig, 100stk	Konkurrans av ørekyte.	Ørekytefangst.
14	Bjødnhøvdjern	1-årig, 100stk	Bør fiskast meir då det er rapportert om gamal fisk.	Ørekytefangst, skjellprøver.
15	Langebergjern	1-årig, 100stk	Svært god vekst, fin storleik på auren.	Få inn fleire skjellprøver.
16	Kroktjern	0	Tynn bestand. Sett ut fisk her kvart tredje år.	Fylgje opp gytebekkar, skjellprøver.



## Prøveordning med oterfiske for utanbygds blir fast ordning

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag bad fjellstyret om å vurdere å endre fiskereglane for Rensenn slik at utanbygds også kan fiske med oter her. Bakgrunnen for søknaden var at vatnet begynnar å bli overbefolka og det resulterer i små fisk. Dette fører vidare til at færre fiskar her og tilstanden i vatnet blir endå verre. Rensenn er det einaste vatnet i allmenningen kor det er for mykje fisk. Dei andre vatna er i balanse eller med tynn bestand med behov for fiskeutsetting. Fjellstyret vedtok å innføre prøveordning for tre år i samsvar med framlegget frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Ordninga vart i 2016 gjort fast og gjeld i perioden 1.6-15.9.

Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt: Tabellen visar tal frå 9 innleverte rapportar.

Oterfiske utanbygds i Rensenn				
Antall			Fisk pr.	Snitt
Timar	fisk	kg	time	fisk, kg
38,5	91	17,2	2,33	0,19

I 2016 vart det seld 30 enkeltkort og eitt familiekort (2015: 10 enkeltkort og 1 familiekort).

## Småviltjakt

### Forvaltning

#### Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane er basis for jaktreglane. Fjellstyret vedtok å frede rypa, både li- og fjellrype, i 2012 og 2013 pga. av svak bestand. I 2014 vart det opna for ei forsiktig jakt på rype og det var ei rimelig fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande for jakt utan hund. I 2015 vart rypa freda på nytt. I 2016 var både kyllingproduksjonen og den totale tettleiken av rype høgare enn på mange år og det vart gjennomført jakt.

Jaktpresset er tidlegare redusert gjennom færre kort, dagskvote og redusert jakttid. For å gi jegerane eit tilbod, vart det lagt til rette for jakt på anna type vilt og trening med fuglehund, m.a. jakt på smårovvilt.



#### Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden (avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsbestemte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter blir registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon. Vestre Slidre jeger- og

fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Vi har vore ein del av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011. Oppsummering av prosjektet kom i 2013 i boka ”Rypeforvaltning, Rypeforvaltningsprosjektet 2006 – 2011 og veien vidare” av Hans Chr. Pedersen og Torstein Storaas (red).

#### Takseringsresultat:

År	Ant. linjer	Ant. meter	Ant. obs.	Ant. ryper	Ryper/obs	Ryper/km <sup>2</sup> 90% sikkerheit	Ant kylling/høne
2016	26	90 800	54	306	5,6	19,1	3,9
2015	26	92 400	36	115	3,2	4,5	1,9
2014	21	68 950	32	165	5,1	14(8-23)	5,7
2013	22	76 883	18	95	5,2	6(4-11)	4,4
2012	22	71 755	21	56	2,6	3(2-5)	2,5
2011	23	74 663	26	92	3,5	5(4-7)	1,9
2010	19	64 265	18	81	4,5	8(5-14)	3,6
2009	22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)	1,8

For å halde ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar per rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot. Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre minkande bestand. Takseringa gjer eit godt grunnlag for vidare småviltforvaltning og ein får ein peikepinn på kva tiltak som må settast i verk for å hindre for stor avskyting.

Produksjonen må være over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha eit jaktbart overskot. Ein må vurdere antal ryper som er observert per km<sup>2</sup>. Ut frå dette kan ein berekne ca størrelse på den totale bestanden vi har i Vestre Slidre statsallmenning. Det er ikkje vist at det gjer nokon forskjell neste haust om man fredar eller har ei forsiktig jakt(<15 %). At det ikkje er vist forskjellar, kan ha samanheng med økologiske forhold som at unge omflakkande rovfuglar kan bli tiltrekt til freda områder – og så døyrr mange ryper som kunne blitt skutt, likevel. Ved bestandar på for eksempel 5 ryper per km<sup>2</sup> blir 15 % uttaket mindre enn 1 rype per km<sup>2</sup>. Her nærmar vi oss ei følelsesmessig grense, og det er lite tilfredsstillande for jegeren å felle ryper som burde fått leve til neste vår!

På bakgrunn av kunnskap om korleis rypene spreier seg så tilrår *Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011* å undersøke jakttrykket i heile fjellområdet/naboterrenget. Ein bør kunne forvalte ein stor andel av eigne gamle ryper og ungsteggar på eit terreng på 30-50 km<sup>2</sup>. For at halvparten av unghønene som er født i området skal slå seg ned der må ein opp i et terreng på 300-400 km<sup>2</sup>. Dette betyr at Vestre Slidre statsallmenning i stor grad er avhengig av kva som skjer utanfor terrengets grenser.

#### Jaktkortsalg småvilt

Jaktkortsålet gav ei inntekt på kr 289.238 (2015: 180.462). Tidlegare var det større inntekter på jaktkort. Etter ein gjekk over til avskyting etter resultat frå taksering, har inntektene vorte klart redusert og varierer frå år til år. I 2016 var det ein bra fuglebestand og det kunne seljast fleire jaktkort. Inntekt gjekk derfor klart opp, men det er likevel langt unna det nivået det var tidlegare.

Kortsalget fordeler seg slik:

2016			Kortperiode	1 dg	2 dg	3 dg	5 dg	veke	10 dg	sesong	sum	
Innan- og utanbygds- buande	Fritt salg	rovvilt m.m.	01.1-31.12							92	92	
		and og ringdue	21.08-14.09	5								5
Utanbygdsbuaude	Begrensa kortsalg	småviltjakt u og m/hund	15.09.2019				42			5	47	
			20.9-24.09				37			5	42	
		orrflugljakt u og m/hund	15.9-19.9				40					40
			20.9-24.9				10					10
		treningskort fuglehund	15.9-19.9				4					4
			20.9-24.9				3					3
	5.10-1.4											
	harejakt m/hund	5.10-11.10		3			3		3		9	
		5.10-14.10						4	3		7	
		5.10-14.12								11	11	
	Fritt salg	orrflugljakt u og m/hund	15.10-14.12	113	3	4			2		3	125
			treningskort fuglehund	5.10-1-4	38	1				2		23
harejakt m/hund			15.10-14.12	41						6		47
Innanbygds- buande	Fritt salg	småviltjakt u/hund	15.9-14.12	9	4			1		3	17	
		småviltjakt m/hund	15.9-14.12	7	6			1		14	28	
		treningskort fuglehund	15.9-24.09 + 5.10-1.4								1	1



### Jaktstatistikk



Ut frå rapportane har ein for 2016 berekna total felling til 151 ryper, 43 orrflugl og 35 harar. Det vart levert inn 97 vengjer etter jakta. Av desse var 66stk ungfugl, 24stk vaksne og 7 vengjer var pakka i plast og kunne ikkje aldersbestemast.

Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalg for utanbygdsbuande fordeler seg slik:

Statistikk 2016	Jakt-dagar	lirype	fjellrype	orrflugl	hare
Innanbygdsbuande	89	33	10	8	4
Utanbygdsbuande, regulert periode	312	84	24	10	5
Utanbygdsbuande, fritt kortsalg orrflugl- og harejakt (antar at de som har hatt 10-dagers kort har jakta i snitt 6 dagar. Kjem ikkje frem frå rapportering på inatur).	172			25	26
<b>Sum</b>	<b>573</b>	<b>117</b>	<b>34</b>	<b>43</b>	<b>35</b>

År	Felt vilt Li- og fjellrype	Hautbart overskot for rype	Felt vilt Orrflugl	Felt vilt Hare
2016	151	500	43	35
2015	0	0	6	17
2014	79	370	20	30
2013	0	0	8	19
2012	0	0	8	18
2011	36		10	28
2010	215		33	32
2009	250		49	16
2008	501		63	20



Statistikk, fuglejakt:



Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt ein liknande nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.

Statistikk, harejakt:



Det vart solgt 15 kort i begrensa periode. 11 av desse er sesongkort. Dei fleste korta på harejakt blir solgt via [www.inatur.no](http://www.inatur.no). Sidan flest harejaktkort blir solgt via [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er det frå 2016 rekna ut det totale antalet harar som har vorte felt, både i regulert periode og ved fritt kortsalg.

## Smårovilt

### Felles jaktkort for smårovilt i Vestre Slidre og Ulnes sameige

I samband med at fjellstyret freda rypa i 2012, foreslo jeger- og fiskarlaget at det var oppretta ei gruppe som skulle sjå nærare på jakt på smårovdyr. Gruppa var samansett av tre frå jeger- og fiskarlaget og to frå fjellstyret.

Gruppa foreslo at det vart oppretta eit felles jaktkort for smårovdyr i Vestre Slidre, men såg gjerne at dette vart utvida til å gå ut over kommunegrensa. Fleire av smårovdyra beveger seg mellom bygd og fjell, og større jaktområde vil gi meir effektiv jakt. Det vil derfor vere ein stor fordel om jegerane kan jakte over eit større område. Det langsiktige målet er å få til eit

jaktkort for smårovvilt for ein større del av Valdres. Eit auka uttak av smårovdyr kan gi eit positivt utslag for småviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessant jakt i seg sjølv.

Rovdyrgruppa står for det praktiske arbeidet med å skrive ut jaktkort, jaktkortet blir i tillegg selt på [www.inatur.no](http://www.inatur.no). Jaktkortet gjeld på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak. Jakta blir avgrensa til generell jakttid på kvar enkelt art. Jaktkorta skal vera gratis for jegeren. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har premiering av den som feller mest smårovvilt. Kommunen og fjellstyret delar utgiftene til skotpremie.

Felles jaktkort på smårovvilt har vore i drift frå 15.7.13 og fylgjande med i felleskortet:

- Vestre Slidre statsallmenning
- Veståsen grunneigarlag
- Slidreåsen grunneigarlag
- Austre Røn grunneigarlag
- Ulnes sameige
- Færden og Fosheim sæter (ny 2014)
- Vestre Lomen grunneigarlag (ny 2014)
- Syndinfjellet grunneigarlag (ny 2014)



## Jaktstatistikk smårovvilt

	jaktkort	rev	kråke	skjære	ravn	mår	grevling	mink	røyskatt	skotpremie
2016	140	19	29	6	31	1	5	15	2	17.360
2015	113	27	9	6	1	2	0	9		17.000
2014	124	57	68	23	5	7	1	1		27.300
2013	41	21	49			1	3			

Det er ynskjeleg at fleire grunneigarlag blir med i ordninga og det langsiktige målet er å få til eit jaktkort for smårovvilt for ein større del av Valdres.

## Elgjakt

### Administrasjon



Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer via internett på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktsarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er no delt i 3 jaktfelt og blir leig ut på 4-års kontraktar. Elgjakta gav ei inntekt på kr 55.173 (2015: 85.602). Til fråtrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS.

### Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 4 elg (2015: 4 dyr) i allmenningen, fordelt på 1 kalv, 2 ungdyr og 1 okse. Det er ein klart redusert bestand i vestfjellet og grunnkvota vart i 2016 derfor redusert til 6 dyr. Avskytingsprofilen vart i tillegg endra slik at produksjonsdyr blir spara.

Det blir det rapportert om tilsvarande låg bestand i fjellområda i nabokommunane. Bestanden er ikkje fast gjennom året og trekker ut etter jakta er slutt. Med vinterjakt i dei områda elgen trekker til, vil bestanden i stor grad bli bestemt av kor mykje elg som blir teke ut på vinterjakt.

Fjellstyret har bedt driftsplanlaget, samarbeid med elgregion ValHal, å sjå nærare på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda.



I 2015 og 2016 vart det berre felt 4 dyr kvart år. Det er for lite grunnlag å rekne ut gjennomsnittsvæktar på, tabell er derfor ikkje oppdatert etter 2014.

I 2016 vart det felt: ku 242kg, ungdyr ♂ 142kg, ungdyr ♀ 136kg og kalv ♂ 57kg. ( 2015: ungdyr ♀ 113kg, ungdyr ♂ 125kg, ukse (piggukse rekna som ungdyr) 170 kg og ukse 229kg).

### Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom dette arbeidet har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Driftsplanen omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet (1996) og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga vart redusert etter dette. Taksering av elgbeita i 2005 synte likevel at vinterbeitene i kommunen var hardt belasta og det var nødvendig å redusere bestanden meir. Tilbakemeldingane frå elgjegerane er klare på at bestanden i fjellet no er kraftig redusert. Elgen i statsallmenningen

er trekkelg og dyra går truleg søraust mot Hallingdal. Både under trekk og i vinterområda blir det drive vinterjakt. I desse områda har det vore eit mål om å redusere bestanden pga beiteskader på skog. Det er derfor avskyting utanfor vårt område som i stor grad bestemmer storleik på elgstamma i statsallmenningen.

Tildelt totalkvote for heile kommunen var 125 dyr, med ei grunnkvote på 106 dyr. Totalt vart det felt 90 elg og 28 hjort.

### **ValHal**

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHal. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.



### **Elgmerkeprosjekt i ValHal-elgregion og øvre Hallingdal**

I 2013 vart det starta opp eit merkeprosjekt av elg i Valdres og Hallingdal. Ved radiomerking kan ein sjå korleis elgen beveger seg i dei forskjellige områda og kvar han høyrer til. I forvaltninga er det viktig å kartlegge opphaldsområda til elgen gjennom året. Sendarane har ein batterikapasitet på to år. Det skisserte prosjektet starta i oktober 2013 og blir avslutta i april 2017. Merking av 35 elg vart gjort i februar 2014. Fleire av dei merka elgane har hatt fast opphald i Vestre Slidre vestfjell om sumaren og ein kan med tidsforsinking følgje dei merka elgane på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no). Når prosjektet er avslutta er målet å ha henta inn kunnskap slik at ein kan forvalte elgstamma på ein langt betre måte enn ein gjer i dag.

### **Elgtrekk**

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng og samstundes gi elgjegerane eit godt tilbud for framkjøring av elg. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 210 (2015: 408).

### **Hjortejakt**

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

### **Rådyrjakt**

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort og eitt dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 800 (2015: kr 400).

### **Jaktprøver**

Jaktprøver gav ei inntekt på kr 41.960 (2015: 8.940).

### **Informasjon - tiltak for friluftsliv**

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

### **Informasjon**

Internett er den viktigaste kjelda for å finne informasjon om fjellstyret og statsallmenningen.

Fjellstyret har nettside ([www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no)) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentlig ettersyn tilgjengeleg her. og fjellstyret vil arbeide vidare for å utvikle sidene, m.a. å tilpasse sidene for mobil og nettbrett.

Fjellstyret har i år etablert side på Facebook; [www.facebook.com/vestreslidrefjellstyre](http://www.facebook.com/vestreslidrefjellstyre). Informasjon på Facebook er eit supplement til vanleg nettside.



### **Inatur**

Internettportalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



### **Tilrettelegging for friluftslivet**

På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 151.889 (2015: 14.156). Av dette utgjer arbeid på mjølkebilsjåførbus i Flikja kr 91.871. Fjellstyret har motteke kr 42.000 i tilskot frå Norsk kulturminnefond til restaureringa. Det står att litt innvendig arbeid som trengs å gjerast før bus kan brukast. Bus vil i løpet av 2017 blir klar til utleige.



### Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk.

Skilt: 85 stk.

Rastebord: 29 stk.

Doar: 12 stk.

Parkeringsplassar: 11 stk.

Open bu: 1 stk.

Bus til utleige: 1 stk.

Gapahuk: 1 stk.


Båt til fri bruk: 1 stk.

### **Turkart**

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 16.308 (2015: 18.320).

## Rekruttering til friluftsliv

”Turmål i Vestre Slidre” er eit friluftstiltak som fjellstyret driv. Målet er å få folk i alle aldrar ut på tur og bli kjent i kommunen. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiært med ein keramikkopp. Vestre Slidre sparbank er med å dekke delar av utgiftene til krus. Til saman er levert 158 skjema frå personar som har gått alle turmåla.



Motiv på turmålkoppen 2016, måleri frå Jaslangen av Endre Ulven

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement. Fjellstyret dekkjer som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiske- og jaktkort for ungdom tom 20 år.

## Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierer over tid og sist år har det vore fleire tilfelle som kan tyde på auka aktivitet. Det mest bekymringsfulle er likevel at det har vore fleire tilfelle med barmarkskjøring med bil og ATV og dette gir langvarige spor i terrenget.

Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine. Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Det er ikkje gjennomført fellesaksjon siste år.

Lov om ”Motorisert ferdsel i utmark” vart endra på ein del punkt i 2015. Ved denne lovendringa vart grunneigar sin styringsrett med motorisert ferdsel i utmark overført frå Statskog til fjellstyret. Fjellstyret har vore pådrivar i prosessen då ein såg behov for å styre motorisert ferdsel i utmark meir enn det Statskog og kommunen gjorde. Fjellstyret har gjort eit prinsippvedtak om korleis ein skal behandle saker knytt til



motorisert ferdsel i utmark. Det vil bli utarbeidd avtaler med dei tre løypelag basert mal godkjent av DNT, NFS mfl.

## Tilskot

### Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr i tilskot (2015: kr 31.250). På grunn av svakare økonomi har fjellstyret ikkje rom for å gi så store tilskot som tidlegare.

Tilskot er fordelt slik:

Aggregat	0
Tilskot allmennyttige formål	11.750
Sum tilskot	11.750

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret i mange år hatt ei tilskotsordning til framføring av straum eller innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga kan til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte. Det vart ikkje gjeve tilskot til straum eller aggregat i 2016.

### Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerar bruken av fondet.

Med bakgrunn i Statskog sitt vedtak om reversering av festeavgift og tilbakebetaling av tidlegare innkravd festeavgift, er økonomien i fondet dårleg. Statskog har opplyst at det vil gå fleire år før det kan gjevast tilskot frå fondet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje i samsvar med fjellova og det må til ei vesentleg endring i administrasjon av fondet. Fjellstyret har vore representert i utval som har sett på statsallmenningsøkonomien; ”Fremtidens økonomi innen statsallmenningene”. Utvalet var samde om at økonomien i statsallmenningane bør styrkast. Det er tilrådd auka løyving til refusjon for oppsyn og at Statskog sine oppgåver som myndigheit i statsallmenning bør finansierast over statsbudsjettet slik det var tidlegare. Ein er også einige om at det bør innførast ei fordeling mellom Grunneigarfondet og fjellkassene av alle grunneigarinntekter i statsallmenningane, ikkje berre festeinntekter frå hytter og hotell. Statskog og Noregs fjellstyresamband har i felles brev til Landbruks- og matdepartementet (LMD) tilrådd tiltak for å styrke statsallmenningsøkonomien. I påvente av arbeidet med ny fjellova, har ein fått signal om at det ikkje blir teke stilling til endra inntektsfordeling før dette arbeidet er ferdig.

## Økonomi

### Generelt

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomisk og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten. Godkjent oppsynsordning er slik at det i praksis er ein refusjon på ca. 30%.

### Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 2.079.496 (2015: kr 2.004.853) og utgift på kr 2.055.523

(2015: 1.895.322). Dette gir eit overskot på kr 23.973 (2015:109.531). Overskotet har dei siste åra gått ned og ved vanleg drift vil ein normal gå i omtrent balanse. Spesielt er nedgang i inntekt frå tomtefeste, elgjakt og småviltjakt store. Inntektene frå småvilt- og elgjakta har dei siste åra gått ned pga. reduserte bestandar og festeinntektene har gått ned pga. nedregulering av festeavgift. Fjellstyret har stor del av eigenkapitalen ståande som bankinnskot og finansinntektene er redusert pga. nedgang i rentenivå.

Festeinntekter blir i framtida regulert i samsvar med KPI (konsumprisindeks) og prisrammer på jakt og fiske har også vore regulert etter KPI. Refusjon til oppsyn frå staten har beste fall vore regulert etter KPI. Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI, spesielt utgifter til pensjon har auka betydeleg.

Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret på sikt blir gradvis redusert. Fjellstyret har ikkje så store muligheter til å auke inntektsgrunnlaget på andre måtar. Den økonomiske situasjonen kan bli betre om det blir meir utbygging på Vaset. Om det blir ei regelendring slik at fjellstyret får 50 % av alle festeinntektene, ikkje berre hytter/hotell slik som i dag, kan dette betre situasjonen noko.

Fjellstyret har ikkje same økonomiske handlingsrom som før. Det betyr at det ikkje er mulig å gi tilskot eller til å setja i gang friluftslivtiltak i noko særleg omfang. Det er likevel viktig at ein sørgjer for å investere i fiskekulturarbeid slik at fisket også i framtida kan vera til glede for besøkande og samstundes kan gi inntekter. Det er også viktig å forvalte jaktressursane på ein slik måte at det kan vera ein berekraftig ressurs for framtida. Fjellstyret arbeider kontinuerleg med å redusere driftsutgifter og sjå på inntektsmuligheter.




*Det store overskotet i 2007/2008 er delvis pga. av innløyising av fester. Beløpet er avsatt i eit fond, der rentene skal kunne brukast til drift.*

## Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12.16 kr 4.542.563 (2015: 4.518.591) inkludert anleggsmidlar på kr 250.177 og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er pr. 31.12.15 kr 3.234.252 (2015: 3.164.008).

Eigenkapitalen var nokre år så låg at vi måtte låne for å drive gjennom året, men fjellstyret har dei siste åra bygd opp eigenkapitalen til eit akseptabelt nivå. Ikkje all eige kapital er disponibel

då ein stor del av eigekapitalen er bunden opp i festefond, bygningar mm. Disponibel eigekapital bør ligge dagens nivå og ikkje gå under normal omsetning for året.



Slidre den 5.4.2016

*Lars Kvissel*

Lars Kvissel  
fjellstyreleiar

*Embrik Før*

Embrik Før  
nestleiar

*Åshild Reien*

Åshild Reien  
styremedlem

*Ingebjørg Moe*

Ingebjørg Moe  
styremedlem

*Birger Haugen*

Birger Haugen  
styremedlem

*Harald Ranum*

Harald Ranum  
dagleg leiar

**Vedlegg:** Resultatrekneskap  
Balanse  
Revisjonsmelding

**Resultatrekneskap**

<b>Kontonavn</b>	<b>År 2016</b>	<b>År2015</b>
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
Rognsalg	26499	20534
Kartsalg avg. pliktig	16308	18320
Elgtrekk utleie	210	408
Oppdrag utleige avg.pl	66782	89002
Refundert fellingsavgift elgjakt		2040
Varesalg /uttak av varer		
Rådyrkort mva.fri	800	400
Elgjakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	55173	85602
Fiskekort utanbygds	236252	210302
Fiskekort innanbygds	37670	28690
Fisking i Valdres	10000	
Jaktkort smårovvilt	78	102
Jaktkort utanb. regulert	88500	82975
Jaktkort utanb. uregulert	156255	85350
Jaktkort innanbygds	44405	12035
Jaktprøve	41960	8940
Andre avg.frie inntekter		29500
Vassdragereg. & premiering Bægav.	9849	9849
Tilskott	42000	
Refusjon oppsynutg. stat	319674	316252
Festeavgift	918845	875848
Leieinntekt beite	8236	8000
Beitebot		56088
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>2079496</b>	<b>1940237</b>
<b>Varekostnad</b>		
Kart kostnader	13640	
Kjøp for videresalg		
Lagerending kart	-6051	8791
<b>Varekostnad</b>	<b>7589</b>	<b>8791</b>
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>2071907</b>	<b>1931446</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn fjelloppsyn fast	732915	705708
Div tillegg fjelloppsyn	66617	129855
Lønn midlertidig tilsette	20733	13558
Lønn fjellstyremedlemmer	25620	15550
Kveld/helgetillegg	12167	
Sykelønn	12893	
Feriepenger	113993	99952
Fri telefon		3758
Pensjon klp fri	148496	120740
Pensjon klp motkonto	-148496	-120740
Fri forsikring		580
Motkonto fri telefon		-3758

Motkonto fri forsikring		-580
Trekkpliktig bilgodtgjørelse	3283	
Møtegodtgj. Fjellstyre	83232	84399
Arbeidsgiveravgift	65280	70682
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	6873	6397
Aga.pl. pensjonskost	148496	120740
Yrkesskadeforsikring	1957	1942
<b>Lønnskostnad</b>	<b>1294059</b>	<b>1248783</b>

**Driftskostn. og av- og nedskrivninger**

Avskriv. bygning/fast eie	12400	12400
Avskr. maskiner og inventar	22574	22574
Bensin/diesel	2128	2102
Leie lokale	41696	41696
Reinhald lokale	3980	3904
Lys/varme lokaler	11211	10942
Leie datasystemer	1917	472
Utstyr/mater.kjøp/rep	15657	21917
Bu i Flikja	91871	
Telefon/datautstyr mm	2737	
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	9074	950
Fiskekulturarbeid & stamfiske	100893	113919
Jakt & fiskestatistikk	8642	12450
Friluftsmidler	60018	14156
Snøscooter/elgtrekk	3789	1401
Diverse utgifter	22559	5460
Revisjonshonorar	10606	16164
Regnskapshonorar	73473	76571
Kontorrekvisita	17323	19090
Trykksaker		
Aviser, tidsskrifter, bøker o l	325	703
Møte, kurs, oppdatering o l	45373	15288
Telefon fast V.S. Fjellstyre		
Mobil 952 88 222 (ludo/talkmore)		
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	2616	4018
Erle Frantzen 977 85 915		
Datakommunikasjon		
Porto	3911	1737
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>564773</b>	<b>397914</b>

**Annen driftskostnad**

Bil & km godtgj. oppg.pli	50055	55930
Dielt/reise utgifter	160	
Dielt statens satser		
Provisjon kortsalg	54710	40120
Annonser	6090	5227
Internett, domene mm		265


Kontingent, fradragsberettiget	87450	89310
Tilskott aggregat/straum på støl		3500
Tilskott almenn.formål	11750	27750
Gaver	5190	281
Forsikringspremie	9419	10276
Styre & bedr.forsaml.møte	4725	10034
Øredifferanser v/avstemming	-7	-10
Eigedomsskatt	992	621
Bank- og kortgebyr	767	676
Purregebyr kunder/leverandør	85	65
Administrasjonsavgift jakt mm	3563	4580
Tap på fordringer		
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>234949</b>	<b>248625</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-21874</b>	<b>36124</b>
Renteinntekt bank	44907	72081
Renteinntekt FOSA	1054	1605
Renteinntekt kunder		
Rentekostnad leverandører	-114	-279
<b>Netto finansposter</b>	<b>45847</b>	<b>73407</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>23973</b>	<b>109531</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>23973</b>	<b>109531</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>23973</b>	<b>109531</b>

**Balanse**

<b>Kontonavn</b>	<b>År 2016</b>	<b>År 2015</b>
<b>EIENDELER</b>		
Lager vaset	80000	90000
Naust til stamfiske	38000	40400
Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	1	1
Polaris Snøscooter 600RMK JS 6186	45147	67721
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
KLP egenandelinnskudd	50852	43204
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	36174	55120
<b>Anleggsmidler</b>	<b>250177</b>	<b>296449</b>
Lager kart	9226	3174
Kundefordringer	210797	186260
Negativ lønn		
Opptj. Ikkje fakt. dr.inntekt	27884	408
Andre kostsiktige fordringer		
Påløpt renteinntekt	164	94
Påløpt inntekt/forsk.bet.kostn.	42000	-1937
2153.07.04561 driftskonto	1063981	1115036
2153.60.04669 kapitalkont	3084013	3039851
2153.07.08567 oppdragskto	7486	8745
2153.52.26269 jaktkort	49616	89674
2153.5210451 Vasetutbyggingen	40846	40793
2153.69.00125 skattetrekk	78038	103718
<b>Omløpsmidler</b>	<b>4614051</b>	<b>4585816</b>
<b>Eiendeler</b>	<b>4864228</b>	<b>4882265</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Annen egenkapital	-3484429	-3460456
Fond for innløste festetomter/avgifter	-1058134	-1058134
<b>Opptjent egenkapital</b>	<b>-4542563</b>	<b>-4518590</b>
<b>Egenkapital</b>	<b>-4542563</b>	<b>-4518590</b>
Leverandørgjeld	-31281	-46327
Forskuddstrekk	-78038	-103718
Fagforeningskontingent	756	360
Oppgjørskonto merverdiavgift	-20584	-30415
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-22939	-24609
Påløpt arbeidsgiveravgift	-6873	-6487
Erstatningsfond/Vasetutbyggingen	-40846	-40793
Skyldig lønn		
Utlegg tilsette	813	2130
Skyldige feriepenger	-113993	-101366

Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-8680	-12450
Avsetning tilskott veg		
Avsetning andre tilskott		
Annen kortsiktig gjeld		
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-321665</b>	<b>-363675</b>
	<hr/>	<hr/>
<b>Gjeld</b>	<b>-321665</b>	<b>-363675</b>
	<hr/>	<hr/>
<b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>-4864228</b>	<b>-4882265</b>
	<hr/>	<hr/>

## Revisjonsmelding



**Kommunerevisjon IKS**



Til  
Vestre Slidre fjellstyre

### UAVHENGIG REVISORS BERETNING 2016

#### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

##### *Konklusjon*

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre fjellstyre som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 23.973. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med fjelloven med forskrift.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av fjellstyret slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Øvrig informasjon*

Fjellstyret er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av fjellstyrets årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

# Kommunerevisjon IKS

---

## *Fjellstyrets ansvar for årsregnskapet*

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med fjelloven med forskrifter. Fjellstyret er også ansvarlig for slik intern kontroll det finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

## *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. Vi viser for øvrig til autorative kilders beskrivelse av revisors oppgaver.

## **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

### *Konklusjon om attestasjonsoppgaver etter Statskogs rundskriv 1/2003*


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at

- fjellstyrets tilskudd til allmenntilretteleggelse er i henhold til gjeldende bestemmelser
- ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets årsregnskap eller noter til årsregnskapet.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fjellstyrets regnskapsopplysninger og lov og god bokføringsskikk i Norge.

Fagernes 27.03.2017

  
Gry Engelsen  
revisor



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



## Vestre Slidre fjellstyre

Postadresse: Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Telefon kontor: 61345088/61345089

Telefon mobil: 95704838/97785915

E-post: [vestre.slidre@fjellstyra.no](mailto:vestre.slidre@fjellstyra.no)

Internett: [www.vestre-slidre-fjellstyre.no/](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no/)

[www.facebook.com/VestreSlidrefjellstyre](https://www.facebook.com/VestreSlidrefjellstyre)